Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Hemsedal

Emne: Agnse attåt for — Bygdelag: Sörbygda

Oppskr. av: Ola Rudvin f. 1899 — Gard: Rundtop

(adresse): Hammerstadgt. 12 B^II, Oslo — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I.

Har aldri höyrt om at folk i bygda sanka röter av noko slag til for. Det var langt lettare å få tak i anna hjelpefor (rispíng, lauving, mosing osb.).

II.

Tang og tare kjem sjölsagt ikkje på tale som for i ei fjellbygd.

III.

Anna for av planter: Brödmose og kvitvierlauv til grisen er nemnt i emnenr. 10. Lög av brisk (einer) vart gjerne teke med i kalvedrikken, saman med avfall frå matstellet.

IV.

Hestemök vart för i tida nytta som hjelpefor, men helst berre som ei naudråd. (Det hende dei nytta hestemök heime då eg var smågut). Dei gav visst möka saman med agner eller anna ~~[illegible]~~ for, eg trur ikkje kyrne fekk möka ublanda.

1901

V.

Syrpefor: Syrpefor har dei nytta nyllji like til notida. Før det kom i bruk med vass-tette krubber – då båsane gjekk heilt inn til fjósveggen – var syrpebytta (til kvar dyr) fast utrustning til kvart fjós.



Syrpebytta hadde omlag den gjerd som risset her syner. På eine kanten stakk det opp eit hav (hald) til å bera ho etter. Øvste kanten på havet låg inn til armen når ein lyfte bytta.

Syrpebytta nytta ein til å bløyte krøter-maten i. Jamnast var det visstnok kaldt vatn dei nytta. Til sjuke dyr (etter kalving) kunne dei vel og varma vatnet opp. Kokt syrpe trur eg derimot var meir sjelden.

For som vart syrpa (gjeve oppbløytt), var: agner, mose, hakkels (til hesten), høymo, potetgras, lauvrask (rakalauv), littekorn, (havre og anna lettekorn til hesten), heste-mjøl (naudfor) – i det heile alt som var serleg turt i seg sjølv. Godt høy fekk dei derimot helst i vondul (høydott).

Rauneber nytta dei ikkje (det var ikkje stort av raun). Drank og mosk etter øl-brygging fekk vel krøtera og, men det vart lite forslag (til jol og om våren), og det er heilt slutt no.

VI.

Fiskeavfall kjem ikkje på tale i ei fjellbygd.

4-8-48. O. Rudvin

1901

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING